

# SPØRSMÅL MED SVAR-ALTERNATIV

## 5.-7. klasse

Set kryss ved rett svar!

Av og til ser du eit tal bak spørsmålet som er nummerert til utstillinga der du finn svaret!

### 1. Kva er ein bre?

- Ein masse av snø og is som er i rørsle.
- Ein masse av snø og is som ligg minst 1000 m over havet.

### 2. Kor blir det danna brear?

- Berre i område der sommar-temperaturen aldri oversig 0° C.
- Der det år etter år samlar seg meir snø enn det som smeltar vekk.

### 3. Kvifor er isen inne i ein bre plastisk (mjuk)?

- Fordi isen er under stor trykk på grunn av at den overliggjande isen er så tung.
- Isen blir alltid plastisk når temperaturen går mot 0 °C.

### 4. Kor djupe kan sprekker i brear i Noreg bli?

- 90-100 meter.
- 20-30 meter.

### 5. Korleis blir ei skuringsstripe danna?

- Breelva fører med seg mykje sand som skurer mot berggrunnen.
- Stein som er innfrosen i bresolen skurer mot berggrunnen.

### 6. Korleis blir ei jettegryte danna?

- Ved at rennande vatn kvervlar rundt i ei grop i berggrunnen.
- Ved at Stein og rennande vatn kvervlar rundt i ei grop i berggrunnen.

### 7. Kva skil ei breelv frå ei vanleg elv?

- Ei breelv inneheld meir steinmateriale.
- Ei breelv har mindre vatn om sommaren.

### 8. Når var den siste istida slutt [12]?

- For 2-3 millionar år sidan
- For om lag 10 000 år sidan

### 9. Når levde mammuten i Noreg?

- For 2-3 millionar år sidan
- For 40 000 til 55 000 år sidan

### 10. Kva er firn [4]?

- Firn er snø som har overlevd ein sommar.
- Firn er bre-is som er meir enn 100 år gammal.

### 11. Kor lang tid tok det for breane å forme fjordane i Noreg?

- Heile siste istid
- Fleire istider dei siste 2-3 millionar år

### 12. Kva kjenneteiknar dalar som er gravne ut av brear?

- Dei er forma som bokstaven V.
- Dei er forma som bokstaven U.

### 13. Kvifor er Fjærlandsfjorden grå-grøn om sommaren?

- Dette er fordi breelva transporterer så mykje steinmateriale om sommaren.
- Det er fordi det er mykje vassplanter i fjorden om sommaren.

### 14. Kva er eit delta?

- Ei flate av grus og sand som elva avset i ein fjord eller ein sjø.
- Grus og sand som breen har avset langs iskanten.

### 15. Kva er Vatnajökull?

- Det er den største breen på Island.
- Det er når det blir flom frå innsjø som er demt opp av ein bre.

### 16. Blir landet vårt framleis forma av dagens brear?

- Nei, dagens brear er så små at dei ligg heilt i ro og kan ikkje forme landskapet.
- Ja, ein bre vil alltid vere i rørsle og grave i berggrunnen under seg.